



BERNT F BØ
RADØYVEGEN 2738
5937 BØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
17/1391716/16217/13917

Saksbehandlar:
Rolf Raknes
rolf.raknes@radoy.kommune.no

Dato:
13.11.2017

Plansak 12602016000100 - Kommunedelplan for Bø - varsel om høyring og ettersyn og oppheving av eldre reguleringsplanar - grunneigarar

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14, har Radøy kommunestyre i sak 046/2017 i møte 26/10-2017 gjort vedtak om å leggja fylgjande planframlegg ut til offentleg høyring og ettersyn:

Kommunedelplan for Bø - PlanID: 12602016000100

Føremålet med planen er å leggje til rette for ny busetnad og aktivitet i samsvar med hovudtrekka i arealføremåla til gjeldande kommuneplan.

Planen er overordna og vil gje grunnlag for vidare vurdering av reguleringsstatus innafør planområdet. Planarbeidet har til hensikt å leggje til rette for god tettstadutvikling.

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14, har Radøy kommunestyre i same sak 046/2017 i møte 26/10-2017 gjort vedtak om å leggje ut forslag om oppheving av følgjande reguleringsplanar til offentleg høyring og ettersyn:

PlanID:	Plannamn:
12602010000700	Bø reguleringsendring
12601987000100	Krossneset
12601994000100	Nordbø
12601973000200	Bøvågen
12601988000100	Bøvågen bustadfelt (del av)

Plandokument og vedtak ligg på kommunen si heimeside under [Høyringar og kunngjerigar](#). Dei kan og finnast i kommunen sitt planregister BraPlan, og til gjennomsyn på rådhuset på Manger.

Merknader til planforslag og/eller oppheving av reguleringsplaner må vera framsett skriftleg innan **27/12 - 2017**

For å kome med merknad kan ein nytte elektronisk [høyringsskjema](#) på kommunen si nettside, eller e-post til postmottak@radoy.kommune.no eller sende per brevpost til



Radøy kommune

Teknisk forvaltning

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Det vert halde ope folkemøte med presentasjon og diskusjon omkring planforslaget.
Møtet vert halde på Hordabø skule 05.12.2017 kl 19:00 til 21:00.
Invitasjonen vil også finnast på kommunen sine heimesider og på kommunen si Facebookside.

Med helsing

Rolf Raknes
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.